



10.10.2017

ROS-Kommuneplanen sin arealdel 2017 - 2027

Appendiks 2



SAMNANGER KOMMUNE

FRAMLEGG TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Innhold

1.	Innleiing	3
1.1.	Bakgrunn	3
1.2.	Definisjonar	3
1.3.	Styrande dokument	4
1.4.	Føresetnader og avgrensingar	4
1.5.	ROS-analyse og konsekvensutgreiing	5
1.6.	Metode	5
	Fareidentifikasjon	5
	Vurdering av sårbarheit	5
	Risikovurdering	5
	Risikoreduserande tiltak	6
1.7.	Arealbruk-vurdert i denne analysen	6
2.	Farekartlegging	7
3.	Sårbarvurdering	9
3.1.	Skred	9
3.2.	Flaum	9
3.3.	Ekstremnedbør	10
3.4.	Skog-/lyngbrann	10
3.5.	Dambrot	11
3.6.	Trafikkulukker	11
4.	Risikovurdering	12
4.1.	Akseptkriterium	13
5.	Risikovurdering	15
5.1.	Snø-, stein jord og flaumskred	15
5.2.	Flaum	18
5.3.	Ekstremnedbør	21
5.4.	Skog- grasbrann	22
5.5.	Dambrot	22

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Denne analysen er utarbeidd i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel for Samnanger kommune. Kravet om ROS-analyse er fastsett i plan- og bygningslova § 4-3. Denne analysen er overordna og såleis tilpassa plannivået.

Føremålet med analysen er å vurdere ny arealbruk i planen med omsyn på risiko og sårbarheit, og peike på moglege risikoreduserande tiltak eller vidare utgreiingar kring risiko som bør gjennomførast i vidare planlegging av områda.

1.2. Definisjonar

Omgrep	Definisjon
DSB	Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap
Konsekvens	Mogleg følgje av ei uønskt hending. Konsekvensar kan formulerast med ord eller som ein talverdi for omfanget av skader på menneske, miljø eller materielle verdiar.
Sannsyn	I kva grad det er grunn til å tru at ei hending vil kunne inntreffe (kan formulerast med ord eller som ein talverdi).
Risiko	Uttrykk for kombinasjonen av sannsyn for og konsekvensen av ei uønskt hending.
Risikoanalyse	Systematisk framgangsmåte for å omtale og/eller rekne ut risiko. Risikoanalysen vert gjennomført ved kartlegging av uønskt hendingar, årsaker til og konsekvensar av desse.
Risikoreduserande tiltak	Tiltak som påverkar sannsynet for- eller konsekvensen av ei uønskt hending.
Sårbarheit	Manglande evne hos eit analyseobjekt til å stå imot verknadane av ei uønskt hending og til å komme tilbake den opphavlege tilstanden eller funksjonen etter hendinga.

Tabell 1- Definisjonar

1.3. Styrande dokument

Namn	Utgjevar
NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger	Standard Norge
Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområder	Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD)
Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen)	KMD
Samfunnssikkerhet i plan- og bygningsloven (2012)	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet (rev 2011)	DSB
Byggteknisk forskrift (TEK 10), FOR- 2010-03-26-489	KMD
Retningslinjer nr. 2/2011. Flaum og skredfare i arealplanar	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Retningslinjer nr 1/2008. Planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag	NVE
Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging	Klimatilpassing Norge
Hydrological projections for floods in Norway under a future climate	Lawrence & Hisdal

Tabell 2- Styrande dokument

1.4. Føresetnader og avgrensingar

- Analysen er kvalitativ
- Den er avgrensa til temaet samfunnstryggleik slik dette er omtalt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).
- Analysen omfattar dei aktuelle areala som er spelt inn til planen.
- Analysen vurderer ikkje uavhengige, samanfallande hendingar.
- Analysen omfattar ferdig løysing i bruk, ikkje risiko i bygge- og anleggsfasen.
- Det er lagt til grunn at framtidig utført byggearbeid følgjer relevante lover og forskrifter, krav om sikringstiltak og liknande.
- Analysen omfattar ikkje hendingar knytt til tilsikta handlingar (sabotasje, terror el.l.).
- Vurderingane i analysen er basert på den dokumentasjon som ligg føre om kommuneplanen og om faktisk og planlagt bruk av nærområdet på tidspunktet for analysen.

1.5. ROS-analyse og konsekvensutgreiing

Ein ROS analyse skil seg frå ein konsekvensutgreiing (KU) primært gjennom at ROS analysen vurderer konsekvensar av uønskte hendingar medan ein KU vurderer konsekvensar eit tiltak kan ha på sine omgjevnader i normalfasen eller driftsfasen.

Likevel vil resultatata frå ROS- analysen vurderast saman med KU vurderinga i kommuneplanen, for å få ei heilskapleg vurdering.

1.6. Metode

Denne analysen av risiko for menneske sine liv og helse, materielle verdiar og miljø er utarbeidd etter hovudprinsippa i NS 5814:2008 *Krav til risikovurderingar*.

Analysen følgjer og retningslinene i DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i arealplanlegging*.

Fareidentifikasjon

Framgangsmåten er å først gjere ein innleiande fareidentifikasjon.

Fare er tilhøve som kan føre til konkrete, stadfesta hendingar.

Fareidentifikasjonen har vert utført ved synfaring av områdene, diverse farekart, samt bruk av hjelp av ei sjekkliste med mogelege farar og sårbare objekt.

For sårbare objekt er formålet å avdekke i kva grad tiltaket fører til ytterligere risiko ut over dagens situasjon.

Sjekklista som vert nytta i fareidentifikasjonen er basert på DSBs rettleiing *Samfunnssikkerhet i arealplanlegging og GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging(SIGVe)* samt sjekklister frå fleire Fylkesmenn.

Vurdering av sårbarheit

Aktuelle farar vert tatt med vidare til ei sårbarvurdering. Sårbarheit definerast som «manglande evne hos eit analyseobjekt til å motstå verknader av ei uønskt hending og til å vinne att sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga".

Farar som er vurdert å gjere tiltaket eller tiltaket sine omgjevnadar svært, eller moderat sårbart dannar grunnlaget for formulering av uønskte hendingar som kan vurderas med omsyn til risiko.

Risikovurdering

Risiko knytt til dei uønskte hendingane som er definert etter sårbarvurderinga vert uttrykt som forholdet mellom sannsyn for at hendinga vil inntreffe og konsekvensen av hendinga. På kommuneplannivå er det svært vanskeleg å gje ei presis vurdering av sannsyn og konsekvens fordi tiltaket som skal vurderast ikkje er kjend i tilstrekkeleg detalj.

Sannsyn og konsekvens vurderast etter kommunen sine vedtekne akseptkriterium.

Risikoreduserande tiltak

Dersom det i analysen vert avdekt særskilt risiko knytt til eit område, vert det tilrådd risikoreduserande tiltak. Alle innspel til planen har vert utgreidd i høve risiko. Det har vore eit prinsipp å ikkje byggje inn ny risiko i planen. Ny arealbruk som ligg i forslag til ny kommuneplan er søkt lagt i område utan avdekt risiko. I dei tilfelle kor det er lagt inn areal med kjent risiko, er det sett krav om vidare utgreiing av risiko på reguleringsplannivå.

1.7. Arealbruk-vurdert i denne analysen

Arealføremål:	Område:
Bustadområde	<ul style="list-style-type: none">• B07 Reistad• B11 Rødne• B12 Høgeskolten• B15 Helgatona• B21 Hagabotnane
LNF-spreidde bustader	<ul style="list-style-type: none">• SB05 Trengereid• SB06 Hisdalen – Raunekleiva• SB07 Tveiterås• SB08 Nytveit• SB09 Langeland• SB10 Totland• SB11 Frøland• SB15 Gaupholm• SB18 Utskot• SB19 Kvernes• Bygde tomter
Fritidsbustadområde	<ul style="list-style-type: none">• F04 Totræna 1 & 2• F12 Kleivane• F13 Kvitingen sør• F14 Kvitingen vest• F25 Eikedalen 8
Kombinert bygg og anleggspøremål	<ul style="list-style-type: none">• KBA01 Ådland – Bjørkheim
Parkeringsplassar	<ul style="list-style-type: none">• P01 Myra• P02 Høysæter
Næring	<ul style="list-style-type: none">• N04 Raunekleiva• N07 Børdalen

Tabell 3- Vurdert arealbruk

2. Farekartlegging

Fare er i denne analysen definert som tilhøve som kan lede til konkrete stadfesta hendingar. Ein fare er i seg sjølve ikkje stadfesta og kan representere ei gruppe hendingar som liknar mykje. Tabell 3 er basert på DSB sin rettleiar og SIGVe-rettleiaren samt sjekklista nytta hjå fleire fylkesmenn.

Tabellen syner ein systematisk gjennomgang av analyseobjekta i høve til dei ulike farar og tema som er relevante.

	Fare	Er det tilhøve som kan medføre fare?
Naturbaserte farar.	Skred	Store delar av kommunen er vurdert som utsett for skred. Temaet vurderast
	Flaum	Planområdet har fleire større og mindre vassdrag som kan føre til flaum. Temaet vurderast
	Springflo	Ny arealbruk som ligg i strandsona vurderast. Temaet vurderast
	Ekstremnedbør	Store nedbørsmengder er vanleg i Samnanger. Temaet vurderast.
	Auke i havnivå	Ny arealbruk som ligg i strandsona vurderast. Temaet vurderast
	Skog-/lyngbrann	Fleire av områda ligg i nærleiken av område der skog-/lyngbrann kan oppstå. Temaet vurderast
	Radon	Gjennom teknisk forskrift vert det stilt krav til gjennomføring av tiltak i vidare planlegging/prosjektering av bygningar for å hindre uønskte radonkonsentrasjonar i inneluft. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået

	Fare	Er det tilhøve som kan medføre fare?
Fare frå verksemdar	Brann/eksplosjon ved industrianlegg	Det er knyta krav om reguleringsplan til dei industriområda som kan ha potensiell fare for brann/eksplosjon. Før bruk er avklart, kan det ikkje seiast noko om potensiell fare. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået.
	Kjemikalieutslepp, akutt ureining	Det ligg ingen anlegg med potensial for kjemikalieutslepp og akutt ureining i områda som skal vurderast. Det er ikkje knytt særskilt fare for kjemikalie utslepp eller anna akutt ureining for nokre av dei nye områda. Utslepp av kloakk kan skje, og slike farar vert i denne analysen knytt til eventuelle sårbare objekt. Avhengig av bruk, kan det oppstå risiko ved nye tiltak i næringsområde i Raunekleiva, og Børdalen. Dette må handsamast i reguleringsplan. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået.
	Transport av farleg gods	Fv7 vert nytta til transport av farleg gods, Ingen av områda ligg inntil denne vegen, med unntak av gong og sykkelveggar. Ingen av tiltaka vil gje vesentleg auke av farleg gods på vegnettet. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået
	Ureina grunn	Det er ikkje registrert område med ureina grunn i nærleiken til nokre av ny arealbruk. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået
	Elektromagnetisk stråling	Det er krav om at bygg for varig opphald ikkje skal lokalisrast der elektromagnetisk stråling er sterkare enn grenseverdiene. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået

	Fare	Er det tilhøve som kan medføre fare?
Fare knytta til infrastruktur	VA leidningsnett	Det er ikkje vurdert at brot på VA-leidningsnett er aktuelt på dette plannivået, men bør vurderast i regulerings eller prosjekterings fasen. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået
	Trafikkulukker	Endringar i arealbruk kan påverke trafikktryggleiken. Temaet vurderast
	Skipstrafikk	Ikkje aktuelt
	Brot på el-forsyning	Det er ikkje vurdert at nokre an innspela vil auke faren for straumbrot. Ein legg til grunn at kapasitet på straumforsyning vert dokumentert/sikra i seinare fasar. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået
	Brot på drikkevassforsyning	Ingen av områda ligg i nedslagsfeltet til drikkevatn, men enkelte av hytteområda fordrar privat vassforsyning Ein legg til grunn at drikkevassforsyning vert dokumentert/sikra i seinare fasar. Temaet vert ikkje vurdert vidare på dette plannivået

	Fare	Er det tilhøve som kan medføre fare?
Sårbare objekt	Helse- og omsorgsinstitusjonar	Institusjonar for helse og omsorg er ikkje vurdert som utsette som følgje av bustad eller fritidsbustadområde. Temaet vert ikkje vurdert.
	Viktige offentlege bygg	Viktige offentlege bygg er ikkje vurdert som utsette som følgje av bustad eller fritidsbustadområde. Temaet vert ikkje vurdert
	Kulturminne	Det er ingen automatisk freda kulturminne i næreleiken av innspela. Temaet vert ikkje vurdert.
	Dambrot	Det er fleire dammar i kommunen. Temaet vurderast

Farekartlegginga har avdekka at følgjande uønskte hendingar er relevante for sårbarvurdering:

Aktuelle farar:
<ul style="list-style-type: none"> • Skred • Flaum • Springflo • Ekstremnedbør • Auke i havnivå • Skog/lyngbrann

Tabell 4- Farar vurdert vidare

3. Sårbarvurdering

Sårbarheit definerast som «manglande evne hos eit analyseobjekt til å motstå verknader av ei uønskt hending og til å vinne att sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga. Sårbarheit er ei skjønnsfagleg vurdering og sårarheit vurderast etter følgjande skala:

- Svært sårbart
- Moderat sårbart
- Lite sårbart
- Ikkje sårbart

Farar som er vurdert å gjere tiltaket eller tiltaket sine omgjevnadar svært, eller moderat sårbart dannar grunnlaget for formulering av uønskte hendingar som kan vurderas med omsyn på risiko.

3.1. Skred

Det er ikkje utarbeidd meir detaljerte analysar av skredfare i Samnanger enn dei landsdekkjande aktsemdområda for snø- og steinskrud som er utarbeidd av NGU. Delar av kommunen er dekt av eit eldre snø- og steinskrudkart utarbeidd av NGI. Desse karta er basert på den same grunnmetoden som NGU-karta, men er i tillegg basert på synfaringar der skredkyndige har vurdert dei lokale terrengtilhøva.

Aktsemdsonene indikerer at det innanfor sonene er vurdert det kan vere fare for skred. Det er ikkje gjort vurdering av sannsyn for skred innanfor dei ulike sonene, og om ein skal planlegge vidare for bygging i slike soner skal det gjennomførast meir detaljerte skredfare-vurderingar.

Meir informasjon kring skredfarekartlegging og aktsemdområde er å finne på www.skrednett.no. Det er vurdert at dei arealinnspela som heilt eller delvis ligg i aktsemdområda for skred er moderat/svært sårbare for skredhendingar.

3.2. Flaum

I denne analysen er flaumfare vurdert som fare for at vassdrag fløymer over eller endrar løp. Problem knytt til handtering av overvatn som følgje av store nedbørmengder der vatnet kjem frå himmelen eller frå terrenget, ikkje frå eit definert vassdrag vert vurdert under ekstremnedbør.

BKK har utarbeidd flaumsonekart for 1000 årsflaum i for nedre delar av Samnangervassdraget.

Fleire av vassdraga i Samnanger er små og bratte noko som gjer at flaum oppstår typisk som følgje av store mengder nedbør og snøsmelting, gjerne i kombinasjon. Flaumvatn i slike vassdrag har ofte høg fart og kan medføre store skadar. Somme stadar kan det og inntreffe isgang og oppstuing av ismasser, noko som kan føre til særleg øydeleggande flaumhendingar.

Klimaframskrivingane tyder på at det vil verte meir nedbør og hyppigare episodar med styrtregn, og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. For vassdrag med nedbørsfelt mindre enn ca 100 km² må ein rekne med minst 20% auka flaumvassføring dei neste 50-100 åra (NVE) For Samnanger kan auka i følgje verte enda større opp mot 40% (Lawrence & Hisdal)


3.3. Ekstremnedbør

Ekstremnedbør er periodar med intens nedbør over eit avgrensa tidsrom. Samnanger kommune er utsett for slike hendingar og klimamodellar peiker på auka intensitet i nedbørsperiodane i framtida. Slike hendingar kan føre til flaum og problem med overvasshandtering i byggeområde.

Flaum i vassdrag som følgje av ekstremnedbør er vurdert i førre avsnitt.

Når ein naturleg overflate med jordsmonn, skog, vassdrag og myrar vert utsett for mykje nedbør har denne ein større kapasitet til å fordrøye, og forsinke vatnet på veg mot sjøen.

Om ein slik overflate vert bygd ned med tette overflatar vil meir av vatnet opptre som overvatn. Slikt overvatn kan føre til skadar.



Figur 1- Forventa endring i normalnedbør i 2050 for Vestlandet, mot normalperioden 1960-1990 (Miles & Richter 2012)

3.4. Skog-/lyngbrann

Skog og lyngbrann kan oppstå i tørre periodar særleg om våren før plantematerialet i skog og mark har sprunge skikkeleg ut.

Sjølv om klimamodellar peiker på auka nedbørsmengder i framtida gjeld det i hovudsak om hausten og vinteren for denne landsdelen.

Somme modellar indikerer faktisk redusert nedbør om sommaren.



Bilete 1- Døme på gras- og lyngbrann

Vidare gjer auka attgroing at skogbrannar kan verte meir alvorlege og vanskelegare å sløkkje, sjølv om grovare skog ikkje tek like lett fyr som lyng og gras. Område med ungskog av furu, med tynt jorddekke i hellande terreng er av DSB vurdert som mest utsett for skog-lyngbrann.

Sjølv om Kvitingen-området i dag ligg like over skoggrensa er det vurdert at faren for brann i gras og kratt er til stades. Med eit varmare klima, og lågare beitetrykk vil skoggrensa krype oppover og ein kan tenkje seg ein situasjon med attgroing også i dette området.


3.5. Dambrot

Figur 5 viser lokalisering av ulike infrastruktur for vassdragsreguleringa i Samnangervassdraget.

I tillegg er det ein dam ved Grasdalen i samband med småkraftverket i Grasdalen

BKK har utarbeidd flaumsonekart for dambrot for nedre delar av Samnangervassdraget.

Byggeområde som ligg nær dette vassdraget er svært sårbare for dambrot.



Figur 2- Vassdragsreguleringer i Samnangervassdraget

3.6. Trafikkulucker

Nye byggeområde vil endre trafikkbilete på vegsystemet omkring. På dette plannivået er det ikkje mogleg å seie noko særskilt om risikobilete sidan ein må legge til grunn at trafikkuløysingar vert tekne hand om i reguleringsfasen og at ein i reguleringsplanen følgjer dei normalar og standardar som gjeld, slik at utforminga vert optimal for å hindre trafikkulucker. Såleis kan ein konkludere med at innspelene er lite sårbare for trafikkulucker på dette nivået.

Konsekvensutgreiinga for nye reguleringsplanar bør innehalde ei vurdering av utfordringar for transportsystemet ved etablering av tiltak i dei ulike områda.

4. Risikovurdering

Risiko vert definert som kombinasjonen av sannsynet for og konsekvensen av ei uønskt hending. Alle nye areal som legg til rette for utbygging vurderast med omsyn på risiko for dei uønskte hendingane som er relevante.

Risikovurderinga baserer seg på statistikk, observasjonar, og lokale tilhøve. Sannsyn og konsekvens vert vurdert i høve arealet sin storleik og plassering. På kommuneplannivå er det skjeldan mogleg å kategorisk avvise innspel på bakgrunn av risikovurderinga. Analysen sitt hovudføremål er å peike på moglege risikomoment som må avklarast nærare i neste fase. Det er kommunen sin oppgåve å nytte risikovurdering som eit av fleire innspel i vurderinga om eit areal skal takast med vidare eller ikkje.

Risiko vert vurdert etter kriterier fastsett av kommunestyret hausten 2014.

Sone	Risikobilete
	Uakseptabel risiko: Dersom arealet skal takast i bruk må det gjennomførast grundigare undersøkingar og utførast risikoreduserande tiltak.
	Risikoreduserande tiltak kan gjennomførast dersom det er økonomisk og miljømessig forsvarleg
	Akseptabel risiko. Ingen trong for risikoreduserande tiltak

Figur 3- Risikonivå

4.1. Akseptkriterium

Samnanger kommune vedtok akseptkriterium for ROS-analysar i oktober 2014. Det er formulert kriteria for sannsyn og konsekvens, og risikomatrise som følger:

Sannsyn	Kategori	Tidsintervall, returperiode
Svært sannsynleg	S-6	Årleg
Ganske sannsynleg	S-5	Ikkje årleg, men oftare enn kvart 20. år.
Sannsynleg	S-4	Sjeldnare enn kvart 20.år, men oftare enn kvart 100.
Noko sannsynleg	S-3	Sjeldnare enn kvart 100.år, men oftare enn kvart 500.
Lite sannsynleg	S-2	Sjeldnare enn kvart 500.år, men oftare enn kvart 1000.
Usannsynleg	S-1	Sjeldnare enn kvart 1000.år

Tabell 5- Kriterium for sannsyn

Konsekvens	Kategori	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdier
Katastrofal	K-6	Fleir enn 10 døde og/eller meir enn 20 alvorleg skadde.	Varige, til dels irreversible og alvorlege miljøskadar av stort omfang	Skader for meir enn kr 250 000 000.
Kritisk	K-5	Inntil 10 døde og/eller inntil 20 alvorleg skadde.	I verste fall alvorleg skade på miljøet som det tar generasjonar å rette opp	Skader for inntil kr 250 000 000.
Alvorleg	K-4	Inntil 3 døde og/eller inntil 15 alvorleg personskadar.	Store og alvorlege miljøskadar som det kan ta over ti år å rette opp.	Skader for inntil kr 50 000 000.
Moderat	K-3	Inntil 5 alvorlege personskadar	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang eller alvorlege skadar av lite omfang	Skader for inntil kr 5 000 000.
Liten	K-2	Mindre skadar	Små skadar på miljøet som vert retta opp naturleg innan eitt år.	Skader for inntil kr 500 000.
Ubetydeleg	K-1	Ingen eller ubetydelege personskadar.	Små utslipp med ubetydeleg miljøskade.	Ubetydelege kostnader

Tabell 6- Kriterium for konsekvens

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Green	Red	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Green	Yellow	Red	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow	Red

Tabell 7- Risikomatrix, liv og helse

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Yellow	Yellow

Tabell 8- Risikomatrix, ytre miljø

		Konsekvens					
		K1	K2	K3	K4	K5	K6
Sannsyn	S6	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red
	S5	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Red
	S4	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red
	S3	Green	Green	Green	Yellow	Red	Red
	S2	Green	Green	Green	Yellow	Yellow	Red
	S1	Green	Green	Green	Green	Green	Yellow

Tabell 9- Risikomatrix, materielle verdier

5. Risikovurdering

5.1. Snø-, stein jord og flaumskred

Sannsyn:

Datagrunnlaget i denne analysen er aktsemdområda for snø-, stein- og sørpeskred som er utarbeidd av NGU og NGI samt registrering av skredhendingar frå NVE. I tillegg har det vore gjennomført synfaring.

Det er i utgangspunktet ikkje godt nok grunnlag for å gje ei detaljert vurdering av kor sannsynleg ei skredhending er i dei ulike områda. Det viktigaste med denne analysen er å peike på behovet for vidare kartlegging dersom kommunen ønskjer å gå vidare med byggeområde i aktsemdsområda.

Grunna forventa endringar i klimaet er det forventa at skred vil skje hyppigare enn før og på stadar som tidlegare ikkje har vore råka

Konsekvens:

Konsekvensane av skredhendingar kan variere mykje. Store fjellskred kan ha katastrofale følgjer medan mindre snøskred kan ha meir bagatellmessige konsekvensar for bygningsmasser. Storleik på områda, lausmasser, nærleik til bratte bekkefar og snøtilhøve vinterstid er element som er med på å vurdere konsekvens.

	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Tilråding
B07	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
B11	S3	K3		Vurderast	Vidare utreiing i regplan
	Søre del av område er innanfor aktsemdområde for steinsprang. Det er få spor i terrenget som indikerer hyppige hendingar her, men dette bør undersøkast nærare i reguleringsplan.				
B12	S3	K3		Vurderast	Vidare utreiing i reguleringsplan. Og faresone i kommuneplan
	Vestre del av område er innanfor aktsemdområde for steinsprang. Det er få spor i terrenget som indikerer hyppige hendingar her, men dette bør undersøkast nærare i reguleringsplan.				
B15	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
B21	S2	K3		Ja	Ok
	Ingen konflikt med omsynssonar. Ved synfaring er det observert moglegheit for steinsprang, spesielt langs vegen. Området må sikrast i samband med bygging.				
SB05	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
SB06	S2	K4		Ja	Kan ikkje byggje i omsynssone utan geologisk vurdering. Faresone i kommuneplan
	Sone for jord- og flaumskred midt på området som går over eksisterande busetnad. Kan ikkje tillatast tiltak i omsynsona før skredfare er vidare undersøkt.				
SB07	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB08	S2	K2		Ja	Må vurderast i byggesøknad om hus vert plassert i sonen
	Nordvestre del av område er innanfor aktsemdområde for steinsprang. Det er få spor i terrenget som indikerer hyppige hendingar her. Faresone i kommuneplan.				
SB09	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB10	S2	K4		Ja	Faresone i kommuneplan. Området i faresonen må vurderast av geolog og sikrast før det kan gjevast løyve til tiltak
	Austre del av område er innanfor aktsemdområde for snø- og steinskredjordskred . Området i faresonen må vurderast av geolog og sikrast før det kan gjevast løyve til tiltak				
SB11	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB15	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				

	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Tilråding
SB18	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB19	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
F04	S1	K3		Ja	Vurderast ved etablering av ny veg i reguleringsplan. Faresone i kommuneplan
	Synfaring har ikkje avdekka potensiale for jordskred. Likevel ligg området innanfor omsynsone for jordskred på skrednett.no. Området vurderast i reguleringsplan				
F12	S3	K3		Ja	Lagt som faresone i kommuneplan. Vurderast av geolog før nye tiltak i sonen kan tillatast
	Område i faresone langs nordlegaste grense må vurderast for snø- og steinras før eventuell utbygging kan finne stad.				
F13	S1	K1		Nei	Deler ligg heilt i utkant av snø-/steinskredsoner. Faresone kommuneplan. Tiltak vurderast i byggesak
	Ingen spor etter hendingar. Synfaring fann ikkje potensiale for skred innan avgrensa område.				
F14	S4	K3		Ja	To soner for steinskred ligg i området. Må vurderast av geolog i samband med regulering.
	Før byggesøknad eller reguleringsplan kan godkjennast her bør området kartleggjast med omsyn på fare for skred.				
F15	S4	K4		ja	Faresone i kommuneplan. Reguleringsplan må ha geologivurdering, og sikringstiltak må byggjast før området kan takast i bruk.
	Store delar av arealet ligg i aktsemdområde for stein-/snøskred (NGI), men også store gode område egna til bygging. Skredfarevurdering med krav til sikringstiltak gjennomførast før reguleringsplan kan godkjennast.				
F25	S2	K3		Nei	Lokale rastilhøve vurderast i reguleringsplan
	Ingen kjent risiko. Området ligg inn mot omsynsone ras fleire stader. Meir detaljert vurdering lokale tilhøve i reguleringsplan.				
KBA01	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
P01	S2	K2		Nei	Eventuell lokale sikringstiltak vurderast i byggesak.
	Området ligg i sin heilskap i område for snø-/ steinskred aktsemdområde. Eventuelle lokale nedfall er vurdert å ikkje kunne nå fram til området.				
P02	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
N04	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
N07	S4	K4		Ja	Krav om omfattande skredvurdering med modellberekningar i reguleringsplan.
	Sjå eigen risikovurdering				

5.2. Flaum

Sannsyn:

Teknisk forskrift slår fast at dei fleste bustadhus fell i ein kategori som tilseier at dei ikkje skal verte råka av 200 års flaumen. Som ein effekt av venta endringar i klima vil flaumhendingar inntreffe hyppigare og kraftigare i tida som kjem slik at reell 200 års flaum nærmar seg nivåa for 500/1000 års flaum somme stadar. Samnanger ligg i ein del av landet der auken i flomvassføring kan verte størst, med ei auke opp til 40%¹.

Konsekvens:

Det er utarbeidd flaumsoneberekningar for Samnangervassdraget for 1000 års flaumen i samband med berekningar av konsekvensar ved dambrot. Det er berre utarbeidd detaljkart for nedre del av vassdraget frå Frølandsvatnet til utløpet i Samnangerfjorden.

Konsekvensar av flaum kan vere brot i infrastruktur, materielle skadar og i verste konsekvensar for liv- og helse. Det er stor forskjell på konsekvensane av flaum i ein innsjø der vatnet er stilleflytande og flaum i elvar og bekkar der vatnet kan ha til dels høg fart. Isgang og oppstuing av vatn som følgje av is som demmer opp vassdrag kan og ha alvorlege konsekvensar.

For hytteområde er det vurdert at konsekvensen av flaumhendingar er monaleg mindre enn om det gjeld bustadar. Det er sannsynleg at flaumhendingar inntreff på tider på året der det er lite folk på hyttene. Unntaket kan vere påsketider der snøsmeltinga har kome høveleg langt.

¹Lawrence & Hisdal: *Hydrological projections for floods in Norway under a future climate.* (NVE 2011-5)

	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Tilråding
B07	S3	K2		Nei	Vurderast i reguleringsplan
	Ved større flaum kan nordre del av området vere utsett.				
B11	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
B12	S2	K2		Nei	Ikkje bygg inn ny risiko. VA-rammeplan
	Ikkje fare for flaum. Bratt terreng og skrint jordsmonn. Fleire naturlege vassgangar som ikkje må demmast opp, eller få endra løp slik at nedenforliggjande hus vert råka.				
B15	S2	K2		Nei	Ikkje bygg inn ny risiko. VA-rammeplan.
	Ikkje fare for flaum. Bratt terreng og skrint jordsmonn. Fleire naturlege vassgangar som ikkje må demmast opp, eller få endra løp slik at nedenforliggjande veg vert råka.				
B21	S2	K3		Ja	Overvassproblematikk handsamast i VA-rammeplan.
	Lokale vassgangar ned mot veg. Synfaring synar potensiale for lokale jord-/ sørpeskred i vassgangane. Spesielt fokus på løysing av overvatn.				
SB05	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
SB06	S2	K3		Nei	Ok
	Sone for jord- og flaumskred midt på området som går over eksisterande busetnad. Ingen kjent flaumfare, men om flaumskred blokkerer naturlig vassgang kan situasjonen endrast.				
SB07	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB08	S1	K1		Nei	Ok
	Ingen kjent risiko.				
SB09	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB10	S3	K2		Nei	Ok
	Liten del av området langs elv mot vest ligg i aktsemdsone for flaum. Topografi tilsier det med størst sannsyn ikkje vil flaume over vegen. Vurderast særskilt i eventuell byggesak.				
SB11	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				
SB15	S1	K1		Nei	OK
	Ingen kjent risiko.				

	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Tilråding
SB18	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
SB19	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
F04	S4	K2		Vurderast	Tiltak eller ekstraregistreringar vurderast i reguleringsplan.
	Det går ein bekk gjennom området som ligg i aktsemdområde for flaum. Ved eventuelle tiltak i sona må flaumfare vurderast, og eventuelle sikringstiltak settast i verk.				
F12	S3	K3		Vurderast	Tiltak vurderast i byggjesak.
	Aksemdsone for flaum går noko inn på arealet i aust, langs elva. Tiltak i sona må vurderast i byggjesak.				
F13	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko, med unntak av dambrot som vil vere katastrofalt.				
F14	S1	K1		Ingen	OK
	Aktsemdområde for flaum strekk seg noko inn på austre del av området. Det er i samband med bygging av ny demning vurdert maksimal flaumvasstand. Denne kjem ikkje i konflikt med byggeområdet. Kommunen vurderer aksemdskartet til å vere for grovt.				
F15	S1	K1		Ingen	OK
	Aktsemdområde for flaum strekk seg noko inn på nordre del av området, Aksemdskart noko grovt. Synfaring av lokal topografi har avdekt lågt sannsyn for flaum, om vasstrengen endrar løp er ikkje området naturleg ny trase .				
F25	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
KBA01	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
P01	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
P02	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
N04	S1	K1		Ingen	OK
	Ingen kjent risiko				
N07	S6	K4		Ja	Krav om flaumkartlegging og avbøtande tiltak i reguleringsplan
	Sjå eigen vurdering på området				

5.3. Ekstremnedbør

Sannsyn:

Ekstremnedbør er periodar med store nedbørmengder over eit kort tidsrom (høg intensitet). Det er meir enn berre nedbørmengd i mm/døgn som avgjer skadepotensialet til ekstremnedbør. Svært intense regnbyger kan skape store utfordringar sjølv om dei ikkje varar meir enn eit par timar, og relativt moderate nedbørmengder kan vere skadelege om landskapet er metta med vatn frå før. Generelt kan ein seie at for Samnanger sitt vedkommande må ein over 150mm/døgn for å kalle det ekstremnedbør. Fylkes ROS for Hordaland peiker på at 70mm nedbør på ein time kan reknast som ekstremt, men det er uvisst om slike intensitetar er relevante for norske tilhøve.

Sannsynet for ekstremnedbør vil truleg auke i framtida grunna klimaendringar. Dette gjeld særleg haust og vinter for Hordaland sin del, og Samnanger kommune er i den delen av fylket der auken kan verte størst.

Konsekvens:

Om ein føreset at ei utbygging her fører til at eit stort areal med naturleg overflate vert erstatta av tette flatar der overvatnet ikkje vert absorbert, kan risiko for skadar knytt til overvatn verte monalege.

5.4. Skog- grasbrann

Sannsyn:

Det er registrert i overkant av 1,5 utrykking til skog-/grasbrann i året i Samnanger mellom 2001 og 2010². Bygningsbrannar der årsaka er andre naturlege fenomen er til gjengjeld berre registrert ein gong årleg nasjonalt². Dette synar at skog-/lyngbrann opptreer hyppig, men alvorlege skogbrannar som rårar bygningar er sjeldne.

Konsekvens:

Konsekvensane av ein stor skogbrann kan i verste fall vere nybrende bygningar og tap av liv. Slike alvorlege konsekvensar er vurdert som lite aktuelle i denne samanheng, og konsekvensane her er knytt til evakueringar, omfattande og kostbare brannutrykkingar. Hendinga kan og føre til vegstengingar og straumbrot.

Det er ikkje vurdert at skogbrann har negativ konsekvens på naturmiljøet ettersom det er ein naturleg prosess for fornying av skogen, men nærmiljøet kring bustadområda kan verte skada noko som kan redusere bukvaliteten.

Sannsyn og konsekvens er vurdert i samråd med brannbefal frå Samnanger brannvern.

5.5. Dambrot

Sannsyn:

BKK uttalar at sannsynet for dambrot av den typen og storleik som er aktuell her er svært liten. Det er her vurdert at dambrot er usannsynleg (S1)

Konsekvens:

Konsekvensen av dambrot er ofte svært alvorlege. Det er likevel vurdert at konsekvensane er mindre når det gjeld hytteområde enn bustader.

Sidan sannsyn for dambrot er låg og det i stor grad er hytteområde som kan råkast, vurderast risiko som akseptabel for alle nye byggeområde.

² DSB sin statistikkbank.

